



Fylkesmannen i Hordaland

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/644 - 14/2354

Saksbehandlar:

Hogne Askeland

hogne.askeland@radoy.kommune.no

Dato:


10.03.2014

Byggesak Gbnr 84/7 og 16 Haukeland søndre - dispensasjon frå strandsonelova og arealplan - oversending for uttale

Det er søkt om dispensasjon frå strandsonelova og LNF-areal formålet i kommuneplan for Radøy 2011-2023 for området gnr. 84, bnr. 16 og 7, Vetås Søndre i Radøy kommune.

Tiltaket det vert søkt om er ein del av prosjektet «ny næring i gamle naust» og det er tidlegare gjeve dispensasjon og løyve til restaurering og innreiing av gamal sjøbu til selskaps- og overnattingslokale.

Sjå kartutsnitt og dispensasjonsvedtak:



PLT-029/13 VEDTAK:

Det vert gjeve dispensasjon for bygging i LNF-område og strandsona som omsøkt på gnr 84 bnr 7 og 16 med følgjande vilkår:

1. Søknadspliktige tiltak skal godkjennast av Radøy kommune før arbeid tek til.

Grunngjeving av vedtaket er fordelane er større enn ulempene etter ei samla vurdering, og omsyna bak plan og lov vert ikkje sett til side.

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova §§19-2 jf.1-6 og 1-8, og samt i naturmangfaldslova §§ 8–12.

Det er no søkt om:

- Etablering av sikker og god rømningsveg beståande av dør, utvendig plating og trapp frå 2 etg. og ned til terreng.
- Ein liten molo om lag 1,25 x 2.50 meter ut frå noverande kai.
- Innreiing av naust til rorbu for utleige.

Radøy kommune ber om at Fylkesmannen vurderer saka og eventuelt sender merknad til kommunen innan me tek saka opp til handsaming i politisk utval.

Med helsing

Hogne Askeland
konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Gnr 847 og 16 Haukeland Søndre - søknad om dispensasjon frå strandsonelova og arealplan for området - tidlegare løyve

Byggesak Gbnr 84_7 og 16 Haukeland søndre - dispensasjon frå strandsonelova og arealplan - søknad om dispensasjon

84_7,16Bilete

84_7,16Teikning

Mottakere:

Fylkesmannen i Hordaland
Reidar Haukeland

Vetåsvg. 75

5938

SÆBØVÅGEN